

Uttak av oppdrettslaks og kvotering av villaks?

14.10.2011



Tore Wiersbetter ein hard arbeidsdag i elva (Foto. Ola Matti Mathisen)

Etter å ha observert fisken i Uskedalselva iført svømmeutstyr i 9 timer i dag, går forskar Tore Wiers frå UNIMILJØ i Bergen inn for både eit større uttak av stor oppdrettslaks og ein eller annan kvotering av villaksen i elva.
Han og forskar Knut Wollseth hadde ein lang og viktig telledag i dag i ei elv der det i år har vore eit oppsiktsvekkjande godt fiske -
sogar med ny fangstrekord

Wiers finn det naturleg nok svært psoitivt at det er teke så store fangstar dette året etter ein omfattande kalking gjennom ei årrekkje.

Fangsten av over 1,3 tonn fisk kom ikkje som nokon overrasking.
 - Der ein kalkar, kjem laksen inn, seier forskaren, befrir seg for våtdrakta og innrømmer at han er dyktig sliten etter arbeidsdagen.

Den einaste rasten han og kollegaen har hatt var då dei vart servert kaffe og lefse av oppsynsmann Arne Terje Haugland.
 Staben i UNIMILJØ skal innom 40 elvar denne hausten og mellom dei er alle i Hardangerområdet-

Kva har så forskaren sett i dag? Han har sett 180 villaksar mellom Fjellandsbøvatnet og fjorden
 men brukar ordet middels for å karakterisera denne bestanden,
 Den tidlegare rekorden var 146 i 2006, men i åra imellom har talet vore heilt nede i 25 og 61.

Men han fortel at han har observert 15 store hunner av oppdrettslaks.
 10 av dei var i Gravehølen og dei 5 andre nær

staden der Børsdalselva kjem ut, Desse laksane, som veg 10-12 kilo, bør ikkje få lov til å gyta av omsyn til villaksen i elva. Dei bør tas ut, meiner Wiers og visar til uttaksprosjektet i Hardanger som honorerar kvar fanga oppdrettsfisk med 500 kroner. Dette er noko som elveeigarlaget bør organisera.

Det neste laget bør vurdera er neste års omfang av fisket på grunn av eit uttak som Wiers kallar knallhardt for ei elv som denne. Her er det fleire grep som kan takast, til dømes begrensing av talet på fanga fisk pr. dag og fredning generelt eller i visse områder. Etter ein suksess-sesong er det viktig å satsa på ein klok strategi vidare også i kultiveringa av ei elv.

Av Ola Matti Mathisen